



ULVIK HERAD
Skeiesvegen 3
5730 ULVIK

Tilbydar

Dykkar ref.:

Vår ref.:

15/339-12/K2-Q1/MIL

Direkte innval:

56 52 70 45

Dato:

09.08.2019

Tilbodsinnhenting for brøyting på kommunale vegar og plassar

Sjå vedlagt skildring og tilbodsskjema. Tilbodsfrist er 13.09.2019 kl 12.00

Med helsing

Milos Cemovic

Ingeniør

Vedlegg

Kommunale vegar Ulvik - kart

120474



Hardanger

E-post
postmottak@ulvik.kommune.no

Telefon
56527000

Bankkontonr
3450 19 70001

Organisasjonsnr
971 159 928



TILBOD VEDRØRANDE SNØBRØYTING

SKILDING VEDRØRANDE SNØBRØYTING PÅ KOMMUNALE VEGAR OG Plassar – 2019

I. Bakgrunn for oppdraget

Ulvik herad ynskjer pristilbod på følgjande entreprisar:

a) Entreprise 1 – Rode 1 og 3

Ulvik herad ynskjer pristilbod på brøyting av kommunale vegar og plassar på rode 1 og 3. Oppdraget inkluderer og oppsetting av brøytestikk og bortkøyting av snø.

b) Entreprise 2 – Rode 2 og 5

Ulvik herad ynskjer pristilbod på brøyting av kommunale vegar og plassar på rode 2 og 5. Oppdraget inkluderer og oppsetting av brøytestikk og bortkøyting av snø.

c) Entreprise 3 – Rode 4

Ulvik herad ynskjer pristilbod på brøyting av kommunale vegar og plassar på rode 4. Oppdraget inkluderer og oppsetting av brøytestikk og bortkøyting av snø.

d) Entreprise 4 – Rode 6

Ulvik herad ynskjer pristilbod på brøyting av kommunale vegar og plassar på rode 6. Oppdraget inkluderer og oppsetting av brøytestikk og bortkøyting av snø.

e) Entreprise 5 – Rode 8

Ulvik herad ynskjer pristilbod på brøyting av kommunale vegar og plassar på rode 8. Oppdraget inkluderer og strøing, oppsetting av brøytestikk og bortkøyting av snø.

f) Entreprise 6 – Rode 9

Ulvik herad ynskjer pristilbod på brøyting av kommunale vegar og plassar på rode 9. Oppdraget inkluderer og strøing, oppsetting av brøytestikk og bortkøyting av snø.

For alle gjeld:

Avtalen gjeld for 5 år om gongen med 1. juni som gjensidig oppseiingsfrist.

Strøing skal skje i kommunal regi, styrt av heradet. Dette gjeld ikkje for rode 8 og 9.

II. Kommunale vegar og plassar

Kommunale vegar/plassar er delt inn i 8 roder. Sjå og vedlagt kart.

a) Rode 1 omfattar kommunale vegar og plassar til Fryste, Vambheim, Dunis og Gili.

| Rode 1 | lengde (km) |
|----------------|--------------------|
| Frystevegen | 1,260 |
| Vambheimsvegen | 0,550 |
| Dundis | 0,250 |
| Sandbakkvegen | 0,160 |
| Gili | 0,250 |

b) Rode 2 omfattar kommunale vegar og plassar til Skeie, Nedre Paradis, Hjelmevoll og Elvatun.

| Rode 2 | lengde (km) |
|---------------|--------------------|
| Øvre Skeie | 0,450 |
| Nedre Paradis | 0,120 |
| Hjelmevoll | 0,310 |

c) Rode 3 omfattar kommunale vegar og plassar til Sentrum.

| Rode 3 | lengde (km) |
|---------------|--------------------|
| Sentrum | 1,250 |

d) Rode 4 omfattar kommunale vegar og plassar til Kvåle, Torblå, Håheim, Øydvin, Hjeltnes, Syse og Lekve.

| Rode 4 | lengde (km) |
|---------------------|--------------------|
| Kvåle | 0,400 |
| Torblå | 0,370 |
| Håheim | 0,800 |
| Øydvin | 0,300 |
| Hjeltnes bustadfelt | 2,200 |
| Apalvegen | 2,280 |
| Prestabrekka | 0,230 |
| Miljøstasjon | |

e) Rode 5 omfattar kommunale vegar og plassar til Øvre Paradis, Vestrheim, Solhovden, Stette og Prestagarden.

| Rode 5 | lengde (km) |
|-----------------------|--------------------|
| Øvre Paradis | 0,350 |
| Vestrheim | 0,420 |
| Solvovden | 0,600 |
| Stette | 0,120 |
| Prestagarden | 0,850 |
| Prestebrekka øvre del | 0,140 |

- f) Rode 6 omfattar kommunale vegar og plassar til Børsheim, Hydle, Bergo, Byrste, Audnaland, Sponheim, Aurdal og Skianlegg.

| Rode 6 | lengde (km) |
|------------------------|--------------------|
| Sponheimsvegen | 0,350 |
| Lindebrekkevegen | 1,500 |
| Byrsevegen | 0,930 |
| Bergavegen | 1,550 |
| Aurdalsvegen | 0,250 |
| Nylendo og Grusbrekko | 0,280 |
| Dekkene | 0,270 |
| Skianlegg og drevtjødn | |

- g) Rode 8 omfattar kommunale vegar og plassar til Hallanger

| Rode 8 | lengde (km) |
|---------------|--------------------|
| Hallanger | 2,050 |

- h) Rode 9 omfattar kommunale vegar og plassar til Osa.

| Rode 9 | lengde (km) |
|---------------|--------------------|
| Osa | 2,300 |

III. Konkurransereglar

Anskaffelsen vert gjort i medhald til gjeldande Lov om offentlege anskaffelser (LOV-2016-06-17-73) og forskrift om offentlege anskaffelser (FOR-2016-08-12-974), Del I og II.

IV. Kvalifikasjonskrav

- a) Dokumentasjonskrav knyttet til leverandørens organisatoriske og juridiske stilling:

Følgjende dokumenter skal leggest ved tilbodet:

1. Firmaattest
2. Attest for skatt – og meirverdiavgift (ikkje eldre enn 6 mnd. regnet frå tilbodsfristen.)

- b) Krav til utstyr

Brøytar må ha tilgang på høveleg, naudsynt utstyr, anten eige eller ved bruk av “underentreprenør”. Brøytar må ha /disponere frontskje og fres. Sjå pkt. under *Krav til utføring*.

Traktor og/eller lastebil må vera dimensjonert for dei snøtilhøve som ein erfaringsmessig kan ha i vedkomande rode og det utstyret som ein har tenkt å nytta.

- c) Krav til utføring

Brøyting skal normalt ta til ved snøfall. Brøytar er sjølv ansvarleg for å vurdera trongen for brøyting og eventuell oppstart i høve til dei påfølgjande punkta.

Vegar, fortau og sentrale parkeringsplassar skal under normale vertilhøve vera framkomelege innan kl. 07.30. Dette tyder normalt gjennomkøyring med plog/skjer. Rydding/utviding med høveleg utstyr kan takast seinare.

Kommunale vegar skal haldast med normal vegbreidde utan vekkøyring av snø. Innanfor den konkrete roden kan det likevel verta trong for vekkøyring av snø og is til tilvist tipplass. Dette skal i så fall skje i samråd med driftsleiaren ved Teknisk eining.

Brøyting og plassering av snø skal skje utan skade på andre tekniske installasjonar, plenareal plantingar/tre og busker. Brøytar kan gjerast økonomisk ansvarleg for slik skade. I tillegg er brøytar ansvarleg for eventuell skade overfor 3. person.

Brøytar er ansvarleg for at naudsynte brøytestikker vert sett opp før brøytesesongen tek til.

Brøytar tek kostnaden med å skaffe brøytestikker og strøsand.

d) Bruk av "underentreprenør".

Dersom brøytar ikkje sjølv eig nødvendig, høveleg utstyr, må tilgangen på slikt utstyr dokumenterast.

V. Tildelingskriteria

Følgjene tildelingskriteria vil bli lagt til grunn:

1. Total pris: 100%

Total pris vil bli beregnet ut etter følgjande formel:

Total pris =

- + 80 t x brøyting (kr/t)
- + 40 t x vekkøyring (kr/t)
- + beredskap (kr/år)
- + oppsetting av brøytestikk (kr/år)
- + 40 t x strøing (kr/t)

VI. Tilbodet

Tilbodet skal innehalde komplette ytelser. Eventuelle kostnader som tilbyder ikkje inkluderer i sitt tilbud skal tydeleg fremgå av tilbods brevet.

Det gis ikkje anledning til å gi pris på delar av oppdraget.

Tilbodet skal være gyldig i 60 dagar etter tilbodsfristen.

Prisformat (sjå og tilbodsskjema)

1. Det skal gis **timepris utan mva** for alt arbeid
2. Det skal gis **fastpris utan mva** for beredskap og oppsetting av brøytestikk per sesong
3. Prisene skal **ikkje regulerast før oktober 2020**.

Oppgjevne timeprisar skal vera utan atterhald. Dette tyder mellom anna at eventuell kompensasjon for ugunstig arbeidstid skal vera innbakt i timeprisen.

VII. Tilbodets samlande innhald

1. Signert tilbodsskjema med oppgitt rode, kontaktperson, overslag over utstyr og alle prisar
2. Firmaattest
3. Attest for skatt – og meirverdiavgift

VIII. Tilbodsfrist og evaluering

13.09.2019 kl. 12.00. - tilbodsfrist

Tilbudet skal merkes: *Tilbod brøyting rode* ____.

Tilbudet kan leverast pr brev i lukka konvolutt, eller epost.

Postadresse: Ulvik herad, Skeiesvegen 3, 5730 Ulvik.

Besøksadresse: Sentrumsbygget, Skeiesvegen 3, 5730 Ulvik, henvendelse til kundetorget på gateplan.

E-post: postmottak@ulvik.kommune.no

Innan 14 dagar etter tilbodsopning vil Ulvik herad sende ut brev om kven som er vald, og ei kort samanstilling/vurdering av tilboda.

IX. Kontrakt

Etter tilbodsrunde og godkjenning skal det skrivast kontrakt gjeldande for perioden 2019 – 2024. Avtalen gjeld for 5 år om gongen med 1. juni som gjensidig oppseiingsfrist.

Ved misleghald av kontrakten og etter to skriftlege varsel, kan kontrakten seiast opp straks.

Heradet tek atterhald om retten til seinare å føreta mindre endringar av arbeidsomfanget.

Timeprisane vil verta regulert ein gong i året etter *SBB sin Konsumprisindeksen*. Fyrste året skal det likevel ikkje prisane indeksregulerast.

Faktura skal leverast heradet seinast den 28. i kvar påfølgjande månad, med 30 dagar betalingsfrist. Det skal førast timelister for kvar roden. Timelista for gjeldande månad må bli vedlagt faktura.

Kontrakt vert inngått med brøytar etter politisk handsaming/godkjenning.

X. Spørsmål

Eventuelle spørsmål vedrørande oppdraget stilles skriftleg til Milos Cemovic på epost milos.cemovic@ulvik.kommune.no. Alle spørsmål og svar vil bli meddelt samtlige tilbydere.

XI. Vedlegg

- Tilbodsskjema
- Kartutsnitt

Vedlegg 1 - Tilbodsskjema rode _____ (fyll inn sjølv)

1. Timepris (alle prisane er utan mva)

- a) Brøyting med bruk av alt nødvendig utstyr (traktor/brøytebil og plog/fres) kr./time
- b) Bortkøyring av snø med bruk av lastebil og alt nødvendig utstyr kr./time
- c) Strøing av vegar med bruk av sand (gjeld kunn rode 8 og 9) kr./time
- d) Oppsetjing av brøytestikk per sesong (rund sum) kr./sesong
- e) Beredskap per sesong (rund sum) kr./sesong

2. Utstyr

Traktor type
tal hk.

type
tal hk.

Lastebil type
tal hk.

type
tal hk.

Plug type
type

Fres type
type

Anna utstyr type
type

3. Eventuelle merknader:

.....
.....

4. Tilbydar:

.....

Org.nr.

Kontaktperson:.....

Telefonnr.

Epost.

I Ulvik / 2019

.....

For tilbydar